

MS Nordstjernen i Storsund.

07.09.2015



MS Nordstjernen i Storsund

Det var det tidlegare hurtigruteskipet MS Nordstjernen som gjekk inn Storsund i kveld. Eit vakkert syn! Etter at det vart bygt i Hamburg, vart det overlevert Det Bergenske Dampskibsselskab i 1956. Etter det gjekk den i samanhengande hurtigruterotasjon heilt fram til 1994.

Også pensjonisttilværet vart travelt for MS Nordstjernen då den vart brukt som erstatningsskip. I sommarhalvåret vart den også brukt i cruiseferd til Svalbard. I 2006 kunne den feira 50 år som hurtigruteskip. Då hadde MS Nordstjernen segla ein distanse som tilsvare 150 gonger rundt ekvator.

Frå 2009 til 2012 var den atter i fast hurtigrutetrafikk. MS Nordstjernen er dermed det skipet som har lengst fartstid i denne ruta.

MS Nordstjernen er no freda av riksantikvaren.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Einar Gjertsen